



Starten.

Dønhaugkjedlaren var mest full laurdag kveld. Det hadde nok vore plass til nokre til, men er det for trangt, kan det verta farleg, både for sidemenn og bakmenn, når korkje skrott, taktfot eller taktarm kan halda seg i ro. Me fekk servert svært variert og god musikk. Humor, musikalitet og dugleik låg under i alt dei to karane fann på.

Det er langt frå fyrste gongen duoen er i Kvinnherad i regi av Husnes Jazzklubb, og dette skein og gjennom frå fyrste stund: Gabriel Fliflet (trekkspel og song - og den som stort sett førde ordet) visste akkurat korleis han skulle handtera oss verbalt, og synte seg å kjenna til referansar som kvinnheringar flest trur seg åleine om. Han kunne og opplysa om at duoen i si tid hadde premieren sin i Husnes Jazzklubb (deretter lågmælt: "Så godt som - når ein ser bort frå Stavanger"). Både beintfram, underfundig og absurd humor var med i innleiingane til kvart nummer - med sidesprang, sjølv sagt.

Dei opna med Ole Hamre på melodika, Fliflet fall inn på trekkspel, følsamt og disiplinert i byrjinga. Hamre gjekk deretter direkte over på trommer, og det heile breia seg ut, både i tempo, varierende rytmar og intensitet. I neste nummer, to rumenske brueslåttar, vart me presenterte for Hamrofonen. Dette er ei samling nøyte utvalde gryter med kvar sin eigentone. Dei dannar til saman godt og vel ein skala (eg kom ikkje på å telja dei). Spela på av Ole Hamre var dei like overtlydande som sine karibiske slektningar "steel drums".



Hamrofon

Det vil føra for langt å referera konserten stykke for stykke, men spenn og uttrykksmåte var imponerende. Personleg leik med roots- og verdsmusikk kan vel vera eit stikkord for basisen deira. Balkanske, låghalte rytmar går att i mykje, men dei har ein eigen evne til å kombinera. Etter eitt stykke kan du stundom sitja att med ei kjensle av å ha fått vera med på ei reis verda rundt - og at dette berre har vore heilt som det skal. Neste stykke kan like gjerne pietetsfullt tolka berre ein tradisjon. Apropos tradisjon: Bergensk bauekorpstradisjon fekk eit lite stikk, og me fekk ei forrykande innføring i Nordnesbataljonen sitt signaturtema utført av Hamre med steppesko på skifergolv - perkusjon på toppnivå! Som døme på herleg sjangerblanding vil eg nemna nummeret som Fliflet introduserte som ein spansk, sør-texansk polkaballade med balkansk/karibisk islett - norsk tittel: "Du har skylden". Dette var verkeleg ei musikalsk verdsomsegling! Eg mista pusten fleire gonger. For å understreka spennvidda, vil eg nemna ein barnesong frå Luster med nedre aldersgrense 18 år: "Røysekatt, røysekatt".

På slutten av pausen fekk me eit stykke stuntpoesi av Arne Torget. Temaet var heilt tidsriktig: Vår, lam og vadlasletta, og sluttsatsen bar fram at Fliflet/Hamre let seg ikkje stogga av vadlasletta.

Fliflet, etter eit nummer der humøret sto i taket: "Som gode vestlendingar kan me ikkje berre ha det moro heile tida. Det neste nummeret er meint å ta det heile ned litt. Me har fått hjelp av Jon Fosse med teksten i den neste, der temaet er: Eg e' gammal og vil bort til dei eg kjende". Mange puttar inn humor for å bøta på hol i teknikk og dugleik, men i alt desse to gjorde, sto kvart av desse tre elementa alle til topp score.



[Samstemt speglede](#)

Det som framfor alt skin gjennom, er kor kjekt dei to har det i lag, gleda dei legg i det dei driv med, og gleda ved å få gjeve dette vidare til andre. Når dei så har eit slikt indre overflodshorn å ausa frå, kan ein ikkje anna enn å gå heim att og tykkja synd om dei som ikkje tok turen til Dønhaugkjedlaren denne kvelden.

Tekst og foto: Svein Rimestad
Nett: Thor Inge Døssland